

NORCONSULT AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Dispensasjon frå plan - Byggjegrænse - FV 5312 - Gnr 316 bnr 46 - Alver
kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om dispensasjon frå byggjegrænse langs fv. 5312
i Alver kommune.

Føremålet med tiltaket er framføring av ny vassleidning for vassbehandlingsanlegg på
Myravollane. Traseen for leidninga går hovudsakleg i den kommunale vegen Håhuftvegen,
men skal krysse fv. 5312 på eit punkt. Alver kommune står som tiltakshavar.

Arealet er omfatta av *Detaljregulering KV1133 Myravollane til Hestdalen*. Sidan området er
regulert skal tiltaket behandlast som ein dispensasjon frå plan i sak etter plan og
bygningslova.

Plankartet syner ei ny løysing for kryssområdet mellom fylkesveg 5312 og kommunal veg.
Vi legg til grunn at den nye løysinga for kryssområdet vert bygd i samsvar med plan,
samstundes som vassleidningane vert framført.

Vi minner elles om at ein må søkje om graveløyve til vegeigar, som vert handsama i eigen
sak. Lenke til søknadsskjema finn du her: <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til eventuell klagevurdering.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Tone Bøyum
Senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:
ALVER Postboks 4
KOMMUNE